



**NED PÅ KNE:** - Eg jobbar på ein måte motsett når eg gjer det på denne måten. Slik får eg fram mjuke kontrastar i eit elles stramt motiv, forklarar Sonja I. Reite (43) frå Ålesund.



**ROSA HUS:** - Eg har hatt vegring for rosa i lang tid. Det var derfor artig at nettopp eit rosa hus skulle dukke opp i eit av bileta eg måla i Portugal, seier Sonja I. Reite.

# Og hus vart det...

I bileta sine vender  
Sonja Iren Reite (43) frå  
Ålesund stadig attende  
til hus.

Gjerne knallfarga. Vaska  
og skrubba fram gjen-  
nom fleire lag med  
måling.

## KULTUR

TEKST OG FOTO  
BEATE LANGELAND MORK

- Aversjonen eg har hatt mot rosa slepte nok taket då eit knall rosa hus brått dukka opp i eit av bileta eg måla i Portugal. Det er noko med fargane i biletet som heilt klart er meg, men så er det ikkje det likevel.... Ein ven eg har gjennom kunsten fortalte meg at det kan tyde på at eg er på veg ein stad. Eg ventar i spening!, seier Sonja med eit smil. I tillegg til dei mange husa som har vore med heile tida, gjerne plassert alleine eller i eit ope kystlandskap, målar ho folk. Tett på i ulike kvardagssituasjonar. Ofte med ein sart melankolsk

undertone.

- Eg vert fort gripen av fasadar og vindauge, arkitekturen sine konstruerte former og relativt stramme linjer. Husa mine er likevel mykje meir enn ei rein avteikning av noko eg har sett og opplevd. For meg er dei ein metafor på livet, ulike sinnstemningar og personlegdomar. Det er sjølvsagt opp til kvar og ein å tolke bileta slik dei vil. Sjølv om eg stadig prøvar å frigjere meg frå det "huslege", dukkar dei opp att i biletflatene før eg anar det, fortel Reite.

### Inspirasjonstur

Sonja I. Reite er nyst attende etter eit opphold på Algarvekysten i Sør - Portugal. Her har ho vore deltakar på ein av Kunst- og Inspirasjonsturane til Quinta Soria Moria, som ligg like ved den idylliske byen Tavira, også kalla "Algarves Venezia". Inspirator og fagleg rettleiar for opplegget var kunstmålar Roy A. Dahl frå Langevåg. Vert og eigar av staden er Bjarne Wærdahl frå Ulsteinvik.

- Det var svært inspirerande å jobbe saman med andre, og givande å få fagleg tilbakemelding frå nokon som ser objektivt på det eg

gjer. Opphaldet var tettpakka med opplevelingar frå start til slutt. Eit overveldande og frodig landskap, med blømande markar og store gule mimosatre og appelsinlundar kvar du enn snudde deg. Byggeskikken var sterkt prega av maurertida, med fantastisk fliskunst på veggane og elegante kvite skorsteinar med filigransarbeid. Ein sveip innom hovudstaden Lisboa stod og på programmet. Ein flott og sjærmerande by med ei spanande blanding av gamal og ny arkitektur. Eg fotograferte sjølvsagt ein del, og eg er viss på at minna frå det eg såg og opplevde vil dukke fram att i seinare arbeid, fortel Reite.

### Ned på kne

Bileta til Sonja I. Reite har ofte dristige fargekomposisjonar, måla med breie og røffe penselstrok måla med akryl. Arbeidsprosessen er gjerne kjapp og spontan. Eit bilet som for andre ser ferdig ut, kan i neste sekund hamne på golvet overdekt av svart måling og Sonja på kne framfor i ein iherdig innsats med skurefilla over lerretet.

- Eg jobbar på ein måte motsett og prøvar å hente fram motiv med å gå bakover i laga. Eg får fram dei

mjuke kontrastane med å jobbe på denne måten, og er oppteken av å skape struktur i biletflatene og å gjenskape ulike lysforhold, forklarar Reite

### Frå gryte til palett

Sonja I. Reite er opphavleg frå Syvde i Vanylven. Ho er utdanna kokk og var i ei årrekke blant dei fremste i Noreg i faget. Mellom anna var ho fem år ved Restaurant Bagatelle i Oslo. Kokkekofferten hamna etter kvar på hylla til fordel for utdanning innan webdesign, informasjonsteknologi, pedagogikk og to år ved Ålesund kunstskole. Siste somrane har likevel Sonja regjert over grytene ved tradisjonsrike Hotell Union på Øye i Nordangsdal, der ho har vore kokk og kjøkkensjef. Etter knappe fem år som aktiv innan teikning og måling, kan ho syne til ei rivande utvikling og eit temmeleg tettpakka program med ei rekke separate og kollektive utstillingar. Ofte saman med Harald Akselvoll frå Sykkylven, under den treffande tittelen "Sonja og Harald". Til hausten er Reite og Akselvoll igjen aktuelle med utstilling i Galleri S Kunstsenter i Spjelkavik.



**INSPIRASJON:** Frå den måleriske og eldgamle bydelen Alfama i Lisboa. Kanskje var det nettopp dette sjarmante rosa huset med den typiske flagrande klesvasken utanfor som gav Sonja inspirasjon til å vinne over sin rosa aversjon?

# Med digital skisseblokk

**– Eg reiser ein del for å hente inspirasjon, men treng ikkje alltid å fare så langt. Lisboa har likevel lenge stått på ynskjelista, seier kunstmålar Roy A. Dahl (48) frå Langevåg.**

## KULTUR

TEKST OG FOTO

BEATE LANGELAND MORK

For andre året på rad har Dahl vore fagleg rettleiar og inspirator under to av våren sine kunst og inspirasjonsturar til vakre Quinta Soria Moria i Sør-Portugal. Sjølv om han i hovudsak brukar mest tid på andre sine måleri under opphaldet, er turane likevel også viktige for å hauste inspirasjon til eigne arbeid.

### Målar det offentlege rom

Roy A. Dahl er ingen portrettmålar, men fotograferar likevel

mykke folk. Gjerne i heilt kvar-dagslege situasjoner, og med ei slik rask og varsam framferd at dei fleste ikkje anar dei er fanga med kameralinsa ein gong. På sitt vis er han ein skildrar av samtidig gjennom sine mange bilete av det daglege livet i ein gatestubb eller på ein lokal kafé.

– Eg ser ofte motiv gjennom folk. Når eg målar kan eg likevel godt setje menneske eg har fotografert inn i ein heilt annan samanheng, eller plukke vekk alt rundt og måle dei mot ein nøytral bakgrunn. Eg er oppteken av rørsler og kjappe og skiftande bevegelsar. Då er det ideelt å bruke kameraet som skisseblokk, seier Dahl, som medgir å ha fått litt pepar for å ha dratt fram fotoapparatet av og til, og aldri så lite skjenn av folk som ikkje kjenner karen og målsetjinga han har.

### Lisboa

Klok av skade er difor gruppeleiari for turane, Aina Moldskred frå Ulsteinvik, god å ha som alibi. Smilande stiller ho seg opp framfor mange av Lisboa sine fortausrestaurantar og folk som ferdast forbi, medan Roy eigentleg er mest opp-



**SAMLAR PÅ INNTRYKK:** Det digitale fotoapparetet er aldri langt unna, og kjapt framme om motivet brått skulle dukke opp... – Kameraet eg nyttar er lite, hendig og lett å ta med i lomma, seier Roy A. Dahl.

teken av å fotografere dei som er bakom eller på sida av henne.

– Inntrykket av Lisboa var overveldane. Det har lenge vore ein av byane som har stått på lista over stadar eg har hatt ynskje om å reise til. Eg treng likevel noko tid til å fordyse dei mange opplevelingane, og går framleis med tankar og idear om biletet eg har lyst til å måle frå turen til Portugal i fjar, seier Roy A. Dahl, som frå 6. mai er aktuell med separatutstilling i Ørsta kunstlag.



**FARGEKONTRASTAR:** Roy A. Dahl er stadi framme med kameraet om han ser noko som seinare kanskje kan nyttast i eit måleri. Ein av deltakarane på Kunst og Inspirasjonsturen, Ann Lisbeth Flem frå Ulsteinvik, fotografert framfor eit av dei særprega stripeide badehusa ved sandstranda Iha de Tavira.



**VED HAMNA:** Ei portugisisk kvinne som nyttar den lune kvelden til å måle biletet for sal til turistar.



**PÅ SYKKELTUR:** – Excuse me, could I please take a picture of you? spør Roy så fint den eldre portugisiske kvinnen som har vore å sanka ved. Ho smiler breitt til svar.

## Asterix og Rubber Soul hos gammelpoperne

Vårsemesteret til driftige Gammelpopens Venner nærmer seg snart slutten. Lørdag 6.mai inviterer de nemlig til nest siste arrangement før sommerferien.

Musikken på Toldboden skulle være i de beste hender, med Nordmøres mest populære og eldste band samt den sunnmørskje suksessgruppa fra Cavern i Liverpool. Det er nemlig gamle, gode Asterix samt Rubber Soul som har satt hverandre stevne denne mai-natta.

### Asterix

– Kristiansundsveteranene Asterix har gjesta Gammelpopens Venner ei rekke ganger, alltid til svært god respons. Dette må vel være et

Rubber Soul spiller hos Gammelpopens Venner lørdag.



av landets desidert mest rutinerte band, med ei sammenhengende fartstid heilt tilbake til 1969! Og besetninga har i grunnen vært

imponerende stabil, i alle fall de siste åra. Det vil si dagens utgave teller ikke mindre enn seks medlemmer og skal etter sigende være

den utvilsomt sprekest utgaven av dette populære bandet. Ikke minst den nye vokalisten imponerte i alle fall stort under spillejobb på Cruise sist høst, forteller primus moter Steinar Nøstvold Jensen i Gammelpopens Venner.

### Rubber Soul

Denne for tida svært så etter-spurte gjengen starta i forbindelse med Beatles-klubben, som et reink moro-prosjekt på sida av moder-bandet X-Rays.

– Opprinnelig var Rubber Soul nærmest ”unplugged” og besto av de tre X-Rays-veteranene Hjelle, Hestholm og Vågenes samt sistnevntes sønn Erik. Denne besetninga høsta mange godord etter spilling på legendariske Cavern Club i Liverpool tidlig 2005. Dette ga mersmak og etter hvert kom også både keyboard og trommer til, slik at det blei mer et ”skikkelig” band.

Med et repertoar bestående av to sett med Beatles og et sett med Stones har Rubber Soul bare gått fra suksess til suksess, forteller Nøstvold Jensen.

**Fasade**  
PRODUKTER  
MARKISER • PERSIENNER • VEDLIKEHOLDSFRIE SPROSSER

**NÅ INNTIL**  
**÷ 25%**

Fasadeprodukter er en av Norges største leverandører av solskjerming, og har hånd om både produksjon, salg og montasj.

Vi er «best på pris og kvalitet».

**RING GRATIS**  
**Telefon: 800 80 488**